

- Kompetansemål
- Kompetansestrategiar

6 Kompetanse

Kompetanse vil seia kunnskap som er omsett til dugleik, gjennom handling og erfaring. Kompetanse er ein føresetnad for verdiskaping og produksjon. For å skapa innovasjon trengs ny kunnskap. Forsking er grunnleggjande for å produsera ny kunnskap, og gode utdanningsinstitusjonar på alle nivå er nødvendig for å formidla kunnskapen.

Innanfor alle fagfelt er det trong for å utvikla kunnskap og kompetanse. IKT må nyttast for å utvikla og formidla kunnskapen. Alle nivå i utdanninga må tilby opplæring i entreprenørskap, som eit grunnlag for innovasjon. Kjelder til ny kunnskap kan vera det varierte kultur-, nærings- og organisasjonslivet og den skiftande naturen i Hordaland.

Kunnskap har verdi for alle menneske. Opp- læring og undervisning må vera relevant i høve til den einskilde innbyggjar sin livssituasjon og føresetnader. Det er behov for å styrkja arbeidet med livslang læring og mobilisera til større deltaking i opplæring etter avslutta skulegang. Det må bli lettare for folk å ta utdanning der dei bur og arbeider.

Betre tilgang på kompetanse for innbyggjarane generelt, og for næringslivet spesielt vil vera med på å sikra eit livskraftig Hordaland og Vestland.

Hordaland har eit breitt spekter av tilbod om opplæring og utdanning, med universitet,

fleire store høgskular og 46 vidaregåande skular i tillegg til grunnskule og ei rekkje private utdanningstilbod. Frivillige organisasjonar gjer eit viktig arbeid i høve til desentralisert vaksenopplæring.

Dei høgare utdanningsinstitusjonane inngår i Vestnorsk Nettverk, og vidaregåande skular inngår i samarbeid på Sør- og Vestlandet. Universitetet i Bergen og NHH har stor internasjonal kontakt.

Fylket har ei rekkje forskingsinstitusjonar, og er leiande i verda m.a. på marin forskning.

Samarbeidet mellom dei som tilbyr utdanning, på alle nivå frå grunnskule til universitet/høgskular, må bli betre. Det er også eit stort behov for betre kontakt og samhandling mellom næringslivet og kunnskapsinstitusjonane. Næringslivet må i mykje større grad ta i bruk kompetanse, og kunnskapsinstitusjonane må bli flinkare til å formidla ny kunnskap.

Visjon for kompetansepolitikken

Hordaland skal vera ein lærande region der kompetanse vert systematisk utvikla og nytta i eit samspel mellom dei som tilbyr utdanning og opplæring, arbeidslivet, organisasjonane, og den enkelte innbyggjaren.

Kompetanse

Kunnskap omsett til dugleik, gjennom haldningar og erfaringar

Entreprenørskap

Evne til å sjå ressursar og gå nye vegar for å skapa noko nytt i heim, samfunn og arbeidsliv. Kvalifikasjonar til å bruka ressursane på ein produktiv og meningsfull måte. Forstå konsekvensane av eigne val og handlingar. Vilje til å ta ansvar for felles arbeidoppgåver og halda ut www.entreprenorskap.no/index.html

Kompetansemål

- Frenja systematisk læring gjennom heile livet for alle innbyggjarane
- Auka samhandlinga mellom opplæringsinstitusjonane og med arbeidslivet
- Leggja til rette for entreprenørskap på alle nivå i utdanninga, og utvikla ein kultur for entreprenørskap
- Hordaland skal ha ein god, desentralisert vidaregåande skule, og skulane skal vera viktige medspelarar i lokalsamfunnet

Kompetansestrategiar

- Utvikla vidaregåande skular som ressursentra for lokalsamfunna
- Stimulera til spesialisering mellom dei ulike vidaregåande skulane
- Leggja til rette for ei god rådgevingsteneste – i samarbeid med kommunane
- Tiltak for å hindra fråfall (drop out) i den vidaregåande skulen
- Styrkja fagopplæringa, slik at flest mogeleg oppnår fagbrev
- Samarbeid mellom høgskular og universitet og med andre aktuelle aktørar for å vera utviklingsentra for Vestlandet
- Leggja til rette for møteplassar og tettare samarbeid mellom kunnskapsinstitusjonane og næringslivet
- Alle dei vidaregåande skulane skal gi tilbod om opplæring i entreprenørskap
- Stimulera til læreplassar i samsvar med arbeidslivet sine behov og elevane sine fagval
- Styrkja arbeidet med livslang læring med IKT som viktig verktøy for desentralisert kunnskapsoverføring



Foto: Bjarte Brask Eriksen.

Foto: Helene Nygård Helgøy

